

Referat frå styremøte i Norsk fysisk selskap

Dato: 19. juni 2014

Stad: Kjeller

Tilstade:

Åshild Fredriksen (UiT),
Are Raklev (UiO),
Håvard Helstrup (HiB),
Børge Hamre (UiB),
Thomas Gjesteland (UiB),
Jon Samseth (SINTEF),
Morten Trudeng (Asker vgs.),
Åsmund Sudbø (UNIK)
Wojciech Miloch (UiO)
Kjersti Gausvik (UiT)

Meldt fråfall:

Jan Petter Hansen (UiB),
Eli Olaus Hole (UiO)
Arne Aune Grimenes (UMB)

Sak 24/14 Godkjenning av referat

Referat godkjent på sirkulasjon

Sak 25/14 Nominasjon til kommisjonar i IUPAP

Handsama på sirkulasjon. Fire nominasjonar vart meldt til IUPAP innan tidsfristen 31.mai

Sak 26/14 Orienteringsakar

Orienteringsakar vart gjennomgått og tatt til etterretning.

- a) Presentasjon av ny sekretær og nye styremedlemmar (gruppeleiara)
- b) Nominasjonar Birkelandsprisen
- c) Faggruppemøte Subatomær fysikk
- d) Faggruppemøte Optikk og akustikk
- e) Faggruppemøte Biofysikk
- g) SAC-møte i European Physics Journal i Bergen 2015.
- f) Uttales EPS 'Basic Physics'

- h) Landskonferansen om Fysikkundervisning på Gol 6.-9 august 2014
- i) Tildeling til Fysikk-OL
- j) Møte med FFV-redaksjonen 7. april (munnleg)
- k) Distribusjon FFV (munnleg)
- l) Invitasjon frå DNVA Kavliprisen 8.-11. september

Sak 27/14 Arbeid med Nordic Physics Days 2015

Innstilling til vedtak: Orientering vart tatt til etterretning og innspel vert notert.

- a) Det er naudsynt å arbeide med å få auka finansieringa til markeringa. Sponsorarbeid bør koordineras frå NTNU.
- b) Styre føreslår å ha fysikarmøte kvart partals år. Då vert det norsk fysikarmøte anna kvart år og nordisk fysikarmøte anna kvart år dei åra det ikkje er fysikarmøte. Det må arbeidast med dette slik at det kan fremmast som forslag på neste årsmøte.
- c) Forslag om å ha årsmøte i Tromsø i 2016.

VEDTATT: Orientering vart tatt til etterretning og innspel vert notert.

Sak 28/14 Arbeida med International Year of Light and Light Technologies (IYL2015)

Forslag til vedtak: Følgjande arbeidsoppgåve vert prioritert.

Lista under er ikkje i prioritert rekkefølge.

- a) Arbeida for at forskingsdagane skal ha fokus på lys i 2015
- b) Etablera kontakt med vitensentra og tekniske museum. Oppmuntra til at dei skal markera året.
- c) Få til ein markering på NPD2015 for å skapa merksemd rundt året.
- d) Arbeida for å få til finansiering av aktivitetar.
- e) Sjå på mogleiken for utforming brosjyre og markering av året generelt.

Det er etablert ei gruppa i styre som arbeidar vidare med saken. Gruppa består av: Børge Hamre, Åshild Fredriksen, Thomas Gjesteland og Wojciech Miloch

Nytt forslag til vedtak:

1. Arbeidsgruppa etablerast for å sjå nærmare på tema og mogleik for å finansiera aktivitetane.

VEDTATT

Sak 29/14 Rekruttering

Forslag til vedtak: Styre diskuterte arbeidet med rekruttering. Følgjande oppgåve vert prioritert.

Følgjande oppgåve kom opp som forslag. Lista under er ikkje i prioritert rekkefølge.

- a) Laga rekrutteringsmaterial og bruka det på faggruppemøta
- b) Dela nettsida til NFS på relevante nettstad for studentar
- c) Rekrutteringsarbeidet må opp.
- d) Rekruttering av både medarbeidarar og studentar

Det vert etablert ei gruppa som ser nærmare på rekrutteringstiltak: Kjersti Gausvik og Åshild Fredriksen

Nytt forslag til vedtak: Styret etabler ei gruppa som arbeidar med rekruttering av fleire medlemmar til NFS.

VEDTATT

Sak 30/14 Nye medlemmar:

Forslag til vedtak: Samlege søkjarar tas opp som medlem

Namn	Grad	Yrkestittel	NFL	Søkt mnd	Arbeidsgjevar
Wojciech J. Miloch	Dr. Scient	1.amanuensis		62014	UiO
ANJA HEGGEN		Lektor med tilleggsutdanning	NFL	52014	Volda VGS
INGA STRUMPKE	Master NTNU	Petrofysiker		52014	STATOIL
Carl Jakob Rørvik	Cand Real	Cand. real.	NFL	52014	Tryggheim Skular
Hanne Blytt Andreassen		Lektor i fysikk og matematikk	NFL	42014	Eikeli VGS
MARIT SAGEN	Cand Scient	Lektor	NFL	42014	Asker VGS

Ziyad Elassar	Master materialteknologi, Uni. Hannover	arbeidssøkende		52014	
---------------	---	----------------	--	-------	--

VEDTATT

Sak 31/14 Kort orientering ang økonomien per 15.06.2014

Forslag til vedtak: Orientering tas til etterretning.

Kommentarer:

Åshild får tillit til å overføre pengane som i dag står på høgrentekontoen til NFS til ein høgrentekonto som har betre tilbod.

VEDTATT

Sak 32/14 Utgivelse av «Naturens kode» som e-bok. Fullmakt til å underteikna avtale med Gyldendal

Forslag til vedtak: NFS' presidenten gis fullmakt til å underteikna avtalen med Gyldendal

Kommentar:

Usikkerheit om kor mykje inntekta dette gir NFS. Styre ber presidenten finna ut av dette, og ta den avgjersla som er til beste for NFS sine medlemmar

VEDTATT